



77. årgang - nr. 4, 2021. Tryggheim skular

Tryggheimhelsing



Gledelig jul



Et kontinentalt tilskudd
s. 4-5



Bilder fra oppstarten
s. 6-8



Flere priser til våre
ungdomsbedrifter
s. 15

FINST DET EI BETRE HISTORIE?

Finst det ei betre historie? Om din identitet, om kven du er, kor du kjem frå og kor du skal? Andre ting som er avgjerande i den fasen av livet du er no, er følgjande: Kva er du verd? Kva skal du tru? Kva skal du velje?



Gjermond Viste // Rektor

Dette var litt av innleiinga til Alexis Lundh frå Tro & Medier på temadagen og foreldredagen på Tryggheim vgs. Han hadde tema *Identitet – Please tell me who I am*. Kjempeaktuelt og tankevekkande både for elevane og foreldre.

Støy

Alle desse viktige spørsmåla er heilt avgjerande i den fasen av livet elevane er i no. Utfordringa er at det er så mykje støy rundt ein ungdom i dag, gjennom sosiale medium, spel og seriar. Dei krev mykje merksemd. Vi ønskjer å snakke om brennbare tema som identitet, kjensler og pornografi. Men det er ein kamp om elevens merksemd, - han er omgitt av så mykje støy.

Eit hav av moglegheiter

“Korleis skal vaksne, foreldre, skule, samfunn og politikarar kunne legge til rette for at du får et bra liv?” spurte Alexis Lundh. At du får eit godt liv kor du kan ta tak i nokre ting i livet ditt, og få det til å vokse og gro. Ta tak i eigenskapane og talenta dine, moglegheitene som du er gitt berre ved å vere i dette universet her, i Tryggheim. Her er eit hav av moglegheiter!

Du er elska – punktum

Tryggheim vgs har akkurat lagt ut si pedagogiske plattform på nettsida. Der står det bl.a. “Vi ser og møter eleven som skapt og elska av Gud.” Lundh stilte spørsmål om kor vi skal slå røter, kor vi skal hive ut eit anker og få skikkeleg feste. Det er ein vilje bak det Gud har skapt. Nemleg deg! Det er ein god vilje som har gjort at du er deg. Og

dette er ei heilt anna historie enn den media vil fortelje, kor du må yte og strekke deg. “Hjå Gud er det ingen vilkår. Du er elska, punktum!” sa Lundh.

Ta ansvar for di historie

Kva er det Gud har sagt? spurte Lundh. Følg meg! På alle område i livet. Mykje skjer med kroppen, hjernen, kjenslene, kunnskapen og nysgjerrigheita di. Og så har du med deg di historie. Lundh hadde ei seriøs oppmoding til elevane: “Begynn å ta ansvar for di historie!” Det handlar om å modnast, bli vaksen, ta ansvar for livet sitt og stake ut ei retning og ein kurs. Og kursen er å følgje Han, sa Lundh, å gjere Hans vilje. Vi menneske er ulike, men har nokre felles behov. Vi treng å bli sett, oppleve meistring, stadfesting, å vere elska og vi treng å oppleve nåde.

Den som ventar på noko godt...

Kristian Rød Klausen // lærar Tryggheim vgs

Me går adventstida i møte, og eg registrerer at butikkane ikkje er flaue for å minne oss på det. Eller rettare sagt, me går JULEtida i møte. Det er vel dette butikkane minner oss om. Det er nok berre å innsjå det, adventstida hopper ein meir og meir over. Men det er noko fint med advent. Om ein klarer å leggje julegåveshoppinga av seg og roe litt ned, så dukkar det fram noko godt.

Når me er «rektigt» gode heime, så klarer me å kose oss i advent. Då er det lystenning og «Tenn lys». Ein ny julesong kvar morgon og litt godteri til dagens barn (det går på rundgang), er vår versjon av kalender. Det er nok til litt nostalgi sjølv hjå dei som ikkje har levd så veldig lenge. Eitt år, i forfjor kanskje, hadde me verkeleg roen i adventstida. Då las me i barnebibelen innimellom, me lytta til dei viktigaste julesongane slik at dei små kunne lære dei og me fekk til og med snakka litt med dei om jul og Josef og Maria og Jesusbarnet. Det var rett og slett fint. Då jula kom, var eg klar til å ta inn over meg det fine som skjedde rundt Betlehem for ca. 2000 år sidan: *Det sanne lyset, som lyser for kvart menneske, kom no til verda.* (Joh. 1,9).

I fjor hadde me ikkje same roen. Me roa ikkje ned, me «hadde ikkje tid» til song og lesing. Det var ein del stress om eg hugsar rett. Og jula vart berre sånn passe, den òg, sjølv om me hadde ferie og tid. Det slo meg etterpå, den gode opplevinga av at jul minner meg på det viktigaste som har skjedd, hadde eg ikkje hatt tid til.

Advent er ikkje eit sakrament og langt frå alle kristne rundt om i verda har denne tradisjonen. Likevel meiner eg han har ein verdi. Det å førebu seg på det gode som

hender i jula gir ro nettopp til å ta det inn over seg. At Gud kom til verda som eit menneske. At han blei fødd av ei jomfru i ein stall i Israel. At han let seg ta til fange og bli avretta utan skuld, slik at me kan få VIP-billett til himmelen, sjølv om det er høgst ufortent.

Håper du kan få ro denne adventstida, sjå forbi alt det raude i butikkane og ta fram det lilla. Førebu deg på det som skal komme. På at me igjen skal få feire at Jesus kom til jorda og ta inn over deg bodskapen som han kom med, at om du vender deg til han, så er du frelst.

God advent!



Redaksjonskomité:

Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)
Sofie Braut
Henrik Foss
Knut Handeland
Sondre Svensen
Björg Topnes
Martin Steinskog (ungdomsskolen)

Kasserer: Elisabeth Krogedal

E-post Tryggheim skular:

post@tryggheim.no

Bladet koster kr 100,- pr år.

Kontonr.: 3000.23.29626

Trykk og layout:


Synkron Media AS, Birkeland

Et kontinentalt tilskudd

Emilie foran en av Tryggheims mange prydvexter

Vertsfamilien er glade i turer rundt om i norsk natur, og det passer Emilie svært godt. Hunden Ørje er som regel også med.

Emilie feiret 17-årsdagen sin i Norge 13. november. Da stod selvfølgelig norsk marsipankake på menyen.



Figur 1: I Leipzig har de verdens største knappenål

Tekst: Sondre F. Svensen
Foto: Sondre F. Svensen og Lise Ø. Særheim

Alle lykkelige skoleklasser er lykkelige på sitt eget vis, og årets 1STC har sin egen unike glede: en tysk utvekslingsstudent. Emilie Rank kommer fra Leipzig (ikke helt stø i tysk geografi? Se figur 1), men bor for tida hos Tryggheim-lærer Lise og familien hennes. Da jeg treffer Emilie i kantina, spør to medelever henne på sitt beste jærskpåvirka tysk om hun vil øve med dem før kommende tyskpøve. Det vil hun. Etter at et par andre elever har sikra seg undertegnede økonomiske støtte «for at rektor skal skrelle seg», fortsetter samtalen på engelsk. For å garantere ytterligere språkforvirring fortsetter vi her på norsk.

– Jeg forstår mye nå, men klarer ikke si ting selv, ler Emilie. – Noe av det vanskeligste med å lære språket er bokmål og nynorsk. Jeg var ikke sikker på hva jeg skulle lære, men endte med bokmål, siden det ligner mest på tysk. Men her sier de «ka» og «kem» og sånn ...

... som ligner mest på nynorsk.
– Ja! Dialektene forvirrer meg også. Jeg hører jærsk og leser bokmål, så for eksempel nordnorsk forstår jeg ikke i det hele tatt. Og når nordmenn snakker sammen – det går så fort! Jeg tror tyskere prater litt saktere, for i tyskundervisningen her snakker de like raskt som jeg er vant til.

Men fortell. Hvorfor Norge?
– Jeg har tenkt på utveksling siden femte klasse! USA eller Skandinavia eller New Zealand ... For tre år siden var jeg på ferie i Norge med familien og ble fascinert av naturen da vi kjørte fra Oslo til Bergen og videre til Hitra. Jeg ville gjerne lære et skandinavisk språk, og

med koronaen var det lettest med Skandinavia. Så ble det Norge fordi jeg ville se mer av landet.

Har du fått sett noe?

– Vi har vært masse ute! Vi har vært i Sirdal, og allerede første måneden her gikk vi til Trolltunga. Hjemme i Tyskland har vi hund, så jeg er vant med å gå mye, men det var en ganske lang tur. Vi har også vært mye rundt i området her. Jeg er så imponert over at det er så mye forskjellig natur i samme land.

Hvorfor ble det akkurat denne skolen, da?

– En tidligere tysklærer på Tryggheim (Kirsten Lea Gausland, red. anm.) har hatt mye å gjøre med skolen min og vært på besøk flere ganger, så vi fikk kontakt, og derfra la det seg til rette. Nordmenn er jo flinke i engelsk, og jeg fikk høre at det gjaldt her også. Det gjør det jo lettere å bli kjent og prate med folk tidligere. Og jeg synes det er spennende at det er en kristen friskole, for det er ikke så vanlig i Tyskland.

Er det andre ting med skolesystemet som er annerledes?

– Ja, det er rart at det er forskjellige linjer på samme skole! Hjemme er det ulike skoler for yrkeslinje og universitetslinje. Vi velger også mye tidligere, allerede i femte klasse, hvilken hovedretning vi skal gå. Jeg går på den universitetsforberedende skolen, men man kan også velge ulike yrkesfagskoler.

Hvordan er inntrykket av Norge så langt?

– Jeg synes det er lett å bli inkludert og komme i kontakt med folk. Det er mer naturlig å snakke med fremmede nordmenn enn med tyskere fra andre plasser i landet.

Interessant! Vi nordmenn ser jo gjerne på oss selv om et litt kaldt og introvert folkeslag. Men vi er også ganske uformelle?

– Ja, i Tyskland er det mer formelt. Her er det litt mindre strikt, og det gjør det lettere. Jeg synes også Norge virker mer moderne og åpent for nye ting. For eksempel kortbetaling! I Tyskland bruker vi mye mer kontanter, men det er jo så praktisk med kort.

Har du noen prosjekter eller noe du vil få gjort i løpet av året du er her?

– Jeg drømmer om å se nordlys! Foreldrene mine så det faktisk i Leipzig da det var solstorm for noen uker siden, men da var det overskyet her. Jeg håper også at jeg blir godt nok kjent med folk til at jeg kan ha venner å besøke her senere, og jeg vil lære språket skikkelig. Og det hadde vært gøy om noen elever og lærere herfra og fra hjemmeskolen min kan dra og besøke hverandre på en liten utvekslingstur!

Får du sett alle delene av landet du vil se?

– Kanskje ikke helt, men til sommeren kommer familien min til Norge på ferie. Da skal vi kjøre oppover Vestlandet og videre helt til Nordkapp!

Noe som, i parentes bemerkt, er betydelig lenger nord enn hva denne pennefører har erfart. Det skal også avslutningsvis nevnes at intervjuobjekt og intervjuer fant større felles grunn enn språkinteresse og ønske om å oppleve midnattssol: De hadde begge bursdag den 13. november og er hjertens enige om at det er årets beste dag.



Kanotur
Rekordmange var med på årets kanotur - 27 elever og 3 lærere. Men det var ikke den eneste rekorden som ble satt i år: Det var rekordlite vann i elva, rekordmange gikk på grunn eller veltet og vi brukte rekordlang tid på turen! Men alle var glade og fornøyde etter en flott dag, og halvparten avsluttet det hele på McDonalds.



► Noen måtte ut i vannet, men Maria, Emma og Nathaly tok velten med godt humør

Bilder fra høstens aktiviteter

Piggy ble piggy etter redningsaksjon av 1STC

En fin høstdag var elevene i 1STC ute på tur – og rett utenfor skoleområdet, i Krossmyra, fant de et lite forkomment pinnsvin, sykt og slapt. De tok det med tilbake til Tryggheim der det fikk kattemat og vann. Det viste seg å være en liten hann, og fikk navnet Piggy. Piggy overnattet i en pappeske og frisknet til i løpet av natten. Han veide over 600 gram (vekten gikk ikke lenger). Neste dag ble Piggy sluppet fri i parken på Tryggheim.



Piggy ble reddet, og kom seg etter et døgn med kost og losji på Tryggheim.



Lærer Geir kontrollerte vekten – minst 600 g (vekten gikk ikke lenger).



Salome Dale og Rebekka Borgenvik var ivrig med på gjenopplivingen av pinnsvinet Piggy.



I oktober fikk russen tilbud om å tjene penger til misjonsprosjektet ved å høste epler på Randaberg. To kvelders iherdig innsats ga mange kasser med epler - og mange penger i kassa!



Tryggheimrussen 2022



Her innleder Elias og Amalie russens koseuke



Russen oppfordret til hattedag – også elever i 1STB fulgte oppfordringen.





Russen arrangerte rosadag – og dermed fikk begrepet «rosaruss» nytt innhold ...!

Elektroklassene på tur



Elektroelever på besøk på Malmheim skole. Fra venstre: Lærer Lars Arild Reilstad, elev Mons Enåsen, Lars Andreas Emelankton Aadnesen - tidligere elev på Tryggheim, nå bygge-bas for hele bygget på Malmheim og elev Oliver Malmin.

I høst var elektroelever også på et kjekt besøk hos AutoStore Hognaland labs i Nedre Vats. Vi var den første store gruppen som fikk komme inn på det nye utviklings- og demonstrasjonslokalet på Hognaland. De produserer i dag 25.000 roboter og leverer i hele verden.



Vg2 elektro besøkte Statnett sitt anlegg «North Sea Link» i Kvilldal, Suldal, i oktober. Anlegget åpnet fredag 1.10., og allerede mandag 4.10. dukket Vg2 elektro fra Tryggheim opp - oppdatert gjeng! I tillegg til omvisning på anlegget, ble det tid til litt padling i naturskjønne omgivelser.



Torbjørn Eiken (2EEA) og Sebastian Fylkesnes (2DEA).



Leo og Joakim med skråblikk på liv og lagnad.



F.v. Mathea Evje og Åsne Skårland i duett.



Basarfølsett - ei tverrfagleg vokalforn i slekt med matematikk og strupesong

Temadag/Foreldredag/Festdag/Basardag

Tekst: Knut Handeland

Foto: Henrik Foss

Identitet var temaet for årets foreldredag, dette lett namneforvirra haustlagte kinderegget av ein laurdag med både foreldresamtalar, foredrag, utstilling, festkveld og russebasar i eitt. Hundrevis av foreldre, elevar og tilsette fekk m.a. høyre Alexis Lundh frå Tro & medier halde foredrag om identitetsdanning for unge i vår tid, om korleis ein kan fundamentere liv og identitet på «ei betre historie» enn dei som pregar samtidskulturen, ikkje minst gjennom sosiale medium: «Å gjere Hans vilje» er eit godt, samlande og identitetsstyrkande forsett for livet med apostoliske forbile i ryggen.

Gymsalen var omgjort til messeområde for ungdomsbedriftene, med sal av produkt og utstilling av prototypar og forretningsidear som skal ekstrapolerast utover skuleåret.

Festkvelden etterpå baud på tale av Aslak Tveita og fleire musikalske elevinnslag, både vakker vokal og teknisk tangential på det myteomspunne klaveret, før kvelden blei runda av med basar og song av russekoret. Det er jamt over tryggast å hevde at årets russ alltid er den beste, og ofte stemmer det. Russ 2022 kan i alle fall krysse av i vurderingsskjemaet for at årets loddosal drog inn rekordsummar til misjonsprosjektet, omtrent 330.000 kroner.



Alexis Lundh (t.v.), introdusert av rektor, heldt foredrag om identitet.



Russekoret i godt driv.

Fortreffelig friskolefelleskap

Tekst: Henrik Foss

Foto: Kees A. Z. Fjellvang, Lundeneset vgs.

120 ansatte på videregående og ungdomsskolen møtte resten av friskolefamilien til Misjonssambandet.

Hvert tredje år samler Misjonssambandet alle sine videregående skoler til felles kursdager. Pandemien satte en stopper for den planlagte konferansen på Lundeneset vgs. høsten 2020. Resultatet ble i stedet en storsamling for hele friskolefamilien til Misjonssambandet – grunnskoler, videregående skoler og bibelskoler – på Oslofjord Convention Center (OCC) i Sandefjord fra onsdag 3. til fredag 5. november. Arrangementet samlet 500 deltakere fra Drottningborg vgs. i sør til Nordborg vgs. i nord.

- Etter en lang pandemiperiode med en rekke digitale møter lengtet folk etter å møtes fysisk. Fellesskap er ekstra viktig etter den spesielle tiden med smitterestriksjoner som vi har lagt bak oss, sier studieleder Anne Lise H. Flatebø på Tryggheim vgs.

Solid Tryggheim-bidrag

Da Tryggheim fylte 100 år i 2019, satt Anne Lise i jubileumskomiteen med blant andre lærerkollegaene Eli Bjuland og Bjørghild B. Baksaas. Misjonssambandets skolekontor la merke til det feststemte

jubileumsåret på Nærbø og henvendte seg til Tryggheim da komiteen for friskolekonferansen ble til. Sammen med skoleseksjonsleder Torleif Belck-Olsen i Misjonssambandet og KVVH-lærer Kristin Aarsland begynte de tre Tryggheim-kollegaene å planlegge arrangementet fra høsten 2019.

De tre komiteemedlemmene fra Tryggheim høstet skryt både under og etter konferansen for planleggingen og gjennomføringen. Det samme gjorde lærerne fra Tryggheim som ledet sangen på de ulike samlingene. Flere publikummere uttrykte at de fikk følelse av å være på Misjonssambandets generalforsamling ved å være til stede på samlingene i storstua på OCC.

Anne Lise har opplevd overveldende respons etter konferansen.

- Deltagerne satte pris på samlingene og ikke minst fellesskapet. Vi er veldig takknemlige for tilbakemeldingene under og etter konferansen, sier hun.

Tettpakket program

Konferansen hadde «forankring, fellesskap og frimodighet» som tema. På programmet stod blant andre profiler som TV-pastor Egil Svartdahl, stortingsrepresentant Dag Inge Ulstein (KrF) og leder Filip Rygg i tankesmien Skaperkraft. Arrangementet inneholdt både bibeltimer, møter, fagseksjoner og en rekke parallellseminarer. Konferansekveldene ble avsluttet med samlinger av mer kulturell karakter: Konsert ved sangeren Ingrid Grøvan og Hans Nielsen Hauge-forestilling presentert av Ryfylke Livsgnist.

På turen hjem fra konferansen fikk en av Tryggheim-bussene merke betydningen av godt friskolefelleskap. Da varsellampen i bussen blinket og sjåføren måtte parkere doningen 10 minutter sør for Larvik, stoppet en nestekjærlig buss fra søsterskolen på Forus og plukket opp Tryggheim-ansatte som opplevde å sitte bussfast i 23 minutter på hjemturen.


Tidligere utviklingsminister og Vestborg-elev Dag Inge Ulstein karakteriserte Misjonssambandets skoler som håpsbringende institusjoner da han gjestet friskolekonferansen.



Om lag 500 ansatte på Misjonssambandets skoler deltok på friskolekonferansen på Oslofjord Convention Center i Sandefjord fra 3. til 5. november.



Gjennom Ryfylke Livsgnists forestilling «Haugespor» fikk konferansedeltakerne en innføring i Hans Nielsen Huges liv og virke. Foto: Tårn Helge Helgøy



Psykologi-lærer Eli Bjuland på Tryggheim satt i hovedkomiteen og ledet flere av samlingene på friskolekonferansen.

Tryggheim-lærer Eli Bjuland hadde sofasamtale med stortingsrepresentant Dag Inge Ulstein (KrF, t.v.) og leder Filip Rygg i den kristne tankesmien Skaperkraft. De manet friskolene til å ta større plass i samfunnet.

Friskolekonferansen

Disse deltok på fellessamlingene:

Solveig Grandhagen, Hans Fredrik Grøvan, Filip Rygg, Dag Inge Ulstein, Ingrid Grøvan, Egil Svartdahl, Lars Stensland, Ryfylke Livsgnist og Marit Andersen.

Disse ledet sangen:

Jørgen Baksaas, tangenter; Aslak Kjebeek, trommer; Sondre Frøyland Svenseid, bass; Jakob Z Grastveit; akk.gitar/sang; Jostein Wold, sang; Solfrid Muren, sang og Møyfrid Nordstrand, sang (alle fra Tryggheim).

Disse satt i hovedkomiteen: Bjørghild B. Baksaas, Tryggheim vgs.; Eli Bjuland, Tryggheim vgs.; Anne Lise H. Flatebø, Tryggheim vgs.; Torleif Belck-Olsen, Misjonssambandets skolekontor og Kristin Aarsland, Kristen videregående skole Haugalandet.

EKSKURSJONER

Yrkesfaglærere og driftsavdelinga dro på ekskursjoner en av konferansedagene. Elektrofaglærerne mottok informasjon om «dybdelæring» på høyt nivå, det vil si at de blant annet fikk være med på vandring inne i en ubåt på Marinemuseet i Horten.

Byggfagavdelinga samt drift og renhold hadde et veldig kjekt besøk med omvisning og erfaringsutveksling på Gjennestad vgs i Stokke. Bygg- og anleggslærere på de to skolene samtalte om erfaringer med praksis for elevene, og Tryggheims drifts- og renholdspersonale fikk treffe driftsavdelinga på Gjennestad.



Elektrolærer Magne Stokka poserer foran en av ubåtene på Marinemuseet i Horten.



Elektrolærer Christian L. Knoph studerer innsiden av en ubåt på Marinemuseet.

Ungdomsskolen

Bli kjent med de nyansatte på ungdomsskolen

Tekst: Martin Steinskog
Bilde: Tron Arild Grødem

Da kalenderen viste august måned, og et nytt skoleår igjen sto for døren, var det seks nye ansikter som spent møtte opp i ungdomsskolens ganger på Tryggheim. Herman Kverme, Martin Steinskog, Espen Kirkeby og Øystein B. Lemvik er høstens nyansatte pedagoger, mens Johanne Hølland og Marie Pallesen Lunde er ansatt som miljøterapeuter. Her får du bli litt kjent med dem.

Alle fem er enige om at det har vært en god opplevelse å være ny på Tryggheim ungdomsskole. «Det er veldig kjekke folk her, som er behjelpelige og imøtekommende. Arbeidsdagen er også variert og utfordrende, på både godt og vondt.» Det sier Marie Pallesen Lunde som sammen med Johanne Hølland ble ansatt som miljøterapeut for skoleåret 2021/2022. Marie kom rett fra skolebenken, og legger ikke skjul på at det var enn brå overgang til den nye arbeidshverdagen og at den byr på en rekke utfordringer. «Da er det fint å ha et kollegium som du føler

deg godt ivaretatt av, og som kan være behjelpelige når det trengs. Det er absolutt en spennende hverdag på ungdomsskolen – og dagene er aldri like»

Espen Kirkeby, som kom fra en veldig annerledes tilværelse som utsending for NLM i Nord-Afrika, sier seg enig med Marie. «Det er et veldig inkluderende arbeidsmiljø, og jeg følte meg raskt og godt ivaretatt da jeg begynte her. Likevel må jeg være ærlig og si at det er travle tider. Det er mye å gjøre, og mye nytt å huske på. I tillegg tar det jo tid å bli kjent med alle nye, både elever og lærere. Men jeg trives veldig!»

Øystein Lemvik har vært ansatt som lærer ved flere andre skoler før, inkludert ungdomsskole. «Fremoverlent» er ordet han bruker for å beskrive miljøet på skolen. Det er vel ingen underdrivelse å si at Øystein er den mest rutinerte av de seks nyansatte, og han beskriver selv hvordan han opp gjennom årene har lært seg noen triks for å bli vant med travle tider: «Det

er bare å ignorere alt som ikke brenner», sier han med et smil.

På spørsmålet om hva som har vært et høydepunkt så langt i år, så er spørsmålet er knapt stilt ferdig før det nevnes både leirskole og tur til Horve. Øystein var med 9. trinn til Evje og fikk være med på både rafting, go-kart, padling og en uke med mye sosialt og gøy. Martin, Espen, Herman og Marie var alle med 8. trinn på tur til Horve i starten av skoleåret, og trekker spesielt frem samholdet det skapte blant lærere og elever som ekstra viktig. Herman synes også at misjonsuka i uke 39 var veldig gøy, og trekker frem det å kunne få bety noe for andre som viktig lærdom for både lærere og elever. «I tillegg fikk vi vært med elevene på litt andre arenaer enn bare i klasserommet. Det ser jeg på som verdifullt.» Espen nevner også friskolekonferansen i Stokke som svært givende. Her reiste samtlige ansatte på ungdoms- og videregående skole for tre inspirerende dager sammen med andre ansatte på friskoler i Norge. «Det var nyttig både med tanke på faglig og åndelig påfyll.»

Alt i alt er samtlige av de nyansatte enige om at Tryggheim ungdomsskole byr på et inkluderende miljø, der en føler seg sett relasjonelt og kollegaene er behjelpelige med faglige innspill og andre gjøremål som en variert arbeidshverdag på ungdomsskole byr på. Herman må likevel trekke frem et klart forbedringspotensiale: «Det er litt for hyppig servering av kaker i lunsjen. Det byr på store problemer for å holde formene intakt.»



Bak fra venstre: Martin Steinskog og Herman Kverme. Foran fra venstre: Øystein B. Lemvik, Marie Pallesen Lunde og Espen Kirkeby. Johanne Hølland var ikke til stede da bildet ble tatt.

(Nokså) nye medarbeidarar skuleåret 2021/22

Spørsmål:

1. Kjem frå
2. Tittel på Tryggheim
3. Arbeidsoppgåver
4. Favorittmat
5. Interesser
6. Oppteken av og brenn for



Yngve Litleskare Leine

- 1: Alversund i Nordhordland, bur i Stavanger.
- 2: Lærer.
- 3: Underviser engelsk, samfunnskunnskap og kristendoms-kunnskap.
- 4: Pörkölt med galushka.
- 5: Fotball, musikk, film, gaming og historie.
- 6: Lesing og læring.



Markus Bø

- 1: Randaberg.
- 2: Anleggsteknikk-lærer.
- 3: Lærer.
- 4: Pinnekjøtt.
- 5: Klatring og golf.
- 6: Anlegg og ungdom og å kunne bety ein forskjell for nokon i tru og liv.



Ingrid Svendsen Handeland

- 1: Bur på Nærbø, men kjem frå Fedje.
- 2: Lærer/miljøterapeut.
- 3: Undervise på Tilrettelagt avdeling (TA).
- 4: Pizza!
- 5: Trene, lese bøker, lage mat, teikne.
- 6: Eit samfunn med plass til alle!



Ragnar Moskvil

- 1: Nykirke i Vestfold, men har budd rundt om i Rogaland sidan eg sjølv gjekk på Tryggheim. Bur no på Bryne.
- 2: Lærer.
- 3: Underviser på Vg1 Bygg- og anleggsteknikk.
- 4: Mat på stormkjøkken med familie og venner er nok den beste maten eg får. Elles er kebab ein sikker vinnar.
- 5: Fotball, springing, venner og friluftsliv.
- 6: Prøve å være ein ærleg og god ektemann, far og venn. Har eit stort ønske om at både barn, ungdom og eldre skal bli kjende med Jesus.



Siv-Tone Fosse

- 1: Nærbø.
- 2: Miljøterapeut.
- 3: Undervise på Tilrettelagt avdeling (TA).
- 4: Pizza.
- 5: Song, musikk, turar på stranda og toppturar (sistnemnte mest i teorien).
- 6: At alle skal bli sett for den dei er. At alle skal få blomstra der dei er. Så brenn eg for «den gode samtalen». Og Jesus! At alle skal få bli kjent med han, sånn heilt på skikkeleg, slik at dei kan få kjenna kor høgt elska dei er av han, uansett!



Marit Knutzen, 19 år

- 1: Oppvaksen rett utanfor Bryne, men budd i Namsos i 7 år.
- 2: Miljøarbeidar.
- 3: Vere saman med elevane etter skuletid, og finne på aktivitetar saman med dei.
- 4: Kebab.
- 5: Likar å vere i aktivitet, spele frisbeegolf og henge med folk.
- 6: Å få andre menneske med meg på himmelvegen.



Sondre Frøyland Svensen

- 1: Asker, bur på Sandved i Sandnes.
- 2: Lærer.
- 3: Norsk, norsk, norsk. Og Tryggheimhelsing.
- 4: Pizza?
- 5: Musikk, matlaging og litteratur.
- 6: Same som interesser? Eg har ikkje så mange kjepphestar for tida (eller er ikkje klar over dei).



Aslak Kjebeek, 19 år

- 1: Stjørdal.
- 2: Miljøarbeidar.
- 3: Skape godt miljø.
- 4: Kebab.
- 5: Musikk, film og politikk.
- 6: At alle skal trivast på skulen og ingen skal bli utestengde.

Visste du at..?

Inger Berit Gausel (EL 18-20) og Torleiv Hauglid giftet seg 21. mai

Camilla Haukland (ST 13-16) og Einar Wiig Nilsen giftet seg 9. juli

Anna Therese Mork (ST 07-10) og Lars Magne Nes giftet seg 11. september

Linn Sirevåg (AF 05-08) og Even Emberland giftet seg 25. september

Vi gratulerer, og ber dere fortsette å tipse oss om folk som bør være med på denne listen. Send e-post til aaanestad@tryggheim.no, eller ring eller skriv til skolen (husk årstall og gjerne klasse!).

Flere priser til ungdomsbedriftene våre!

I november kunngjorde Storebrand at tre ungdomsbedrifter fra Tryggheim som deltok i en nasjonal bærekraftkonkurranse får stipend og mentor-timer! 'Socker's UB' (Vg2 DE/EE), en velferdsteknologisk bedrift som utvikler et redskap for å ta av og på sokker, fikk 5000 kr, 'Hverdagsproblemer UB' (Vg2 DE/EE), som lager en boks og en henteordning for brukte batterier, fikk 4000 kr og Nordic Production UB (Vg1 ST), som utvikler slitesterke hundeleker av materialer som ellers hadde blitt kastet, sikret seg 3000 kr!



KVEIKHEIM MANGESYSLERI



Eit mangesysleri skal bere preg av å vere det.



Lågkyrkjeleg helgensamling høyrer med når ein skal synleggjera verdigrunnlaget på ein dysleksivennleg måte.

Her ligg det til rette for både produksjon og sal over kjøpmannsdisk.

Tekst og foto: Knut Handeland

Foto: Henrik Foss

8. september fekk Tryggheim sitt åttande bygg med namn som sluttar på -heim. Skilnaden frå dei sju andre heimane er at det førebels ikkje er lagt opp til overnatting her, og: Namnet skal uttrykke ein realitet – me har for eksempel aldri sett ein einaste bever på Bjorheim – medan kveik blir observert dagleg i Kveikheim. Her får elevar på tilrettelagt avdeling utfalde skaparglede i tråd med målsetjinga for norsk skule, og får samtidig nyttig arbeidstrening. Dei skal få sysle med mange ting innanfor ganske få kvadratmeter, lære å bruke handverktøy, få kjennskap til ulike material og ikkje minst sjå moglegheiter og omsetje idear til handling. For å få breidde i arbeidstreninga har skulen tidlegare

kjøpt praksisopplæring lokalt, men med litt ombygging av den tidlegare sykkelgarasjen kan dette nå gjennomførast langt(!) meir kortreist.

Lokalet er todelt; eit rom for syng, vinylkutting, måling, perling og teikning og eit rom for trearbeid, pussing og montering. Resultata av undervisninga blir veldig synlege på Kveikheim og i tillegg så fine og brukarvennlege at dei kan seljast. På temadagen stilte elevane ut det dei har laga og fekk god øving i salsamtalar og tverrfagleg praksis i hovudrekning.

I tillegg til hornmusikk, snorklipping, vaffelservering og tale av rektor, fekk opningsfestivalen

også ein tverrfagleg dimensjon. I det nyskrivne musikalske verket «Kveikheim-songen», som kan syngast til melodien «Alt for Norge», er det siste og oppsummerande verset nemleg på engelsk:

**One for all
all for Kveikheim
So come on,
it's time to work
We are having really fun
To the very end we wanna run
To Kveikheim
Our favourite place**



Sven Foldøen, Johannes Kvalheim og Manduis og Jette Bjorland utgjer gullrekka som observerer kreativ utfolding.



Hornmusikk høver til innviing av ny -heim.

SKRIVEKONKURRANSEN 2021

Tekst: Bjørg Topnes

«Forvaltarar» er temaet for skrivekonkurransen hausten 2021. Dette er fjerde gongen konkurransen går av stabelen, og i år er det Lundeneset vgs som står som arrangør.

Elevar ved alle dei vidaregåande skulane til Misjonssambandet er inviterte til å delta. Fleire av klassane på Tryggheim får moglegheit til å skriva teksten som ei innlevering i norsk, og norsklærarane kan sjå fram til å lesa tekstar om blant anna kall og teneste, miljø og berekraftig utvikling eller Hans Nielsen Hauge som førebilete.



Skrivekonkurranse for elevar ved NLMvgs

Skriv ein saktekst: essay, kronikk, fagartikkel eller debattinnlegg.

Tema: Forvaltarar

Stikkord og tips som kan vere aktuelle:

- Kall og teneste
- Å bety ein forskjell
- Hans Nielsen Hauge som forbilde (jubileum i år)
- Miljø og berekraftig utvikling
- Bruk og kast-kultur
- Å ta vare på talenta (Matt. 25, 14-25)

Lever teksten digitalt til norsklæraren din.

Innleveringsfrist: Fredag 3. des. 2021.

Fine pengepremiar.



Stoc

Tre på topp:

FUGLAR PÅ S (med innlagt norsk-utfyllingsoppgåve)



Den utrøyttlelege naturentusiasten Geir Tjeltveit finn jamt noko hugnadleg utanfor dørstokken, og der vi andre klagar over at noko verken er fugl eller fisk, er det helst begge deler som gjeld for Tjeltveiten. Når Tryggheimhelsing bad om tips for å koma i kontakt med vår indre hobbyornitolog, kom svaret fort som fjørfe i flukt, og til glede for alle med draging mot norskfaget, byrjar dei alle på same (vakre) bokstav, vi har altså å gjera med verkemidlet _____ (fyll ut rett svar og lever til norsklæraren din).



Storspove: Syng nydeleg og melankolsk om sommaren – mykje finare enn meg. Flott å sjå på – flottare enn meg ...
Kjelde: ramsar.kvassheim-friluftsfyr.no



Stillits: Fargerik og eksotisk (og svært kult namn, red. merk).
Kjelde: fokus.foto.no



Stokkand: Grei å sjå på og god til middag!
Kjelde: ramsar.kvassheim-friluftsfyr.no

Tryggheimkalender

JANUAR

Man. 3. Første skoledag etter jul
Fre. 14. Slutt 1. halvår
Man. 17. Start 2. halvår

FEBRUAR


22.-25. Leirskole Vg1 (HO og BA)

MARS


28.2.- fre. 4.3. Vinterferie
8.-11. Leirskole Vg1 (ST og EL)

APRIL

11.-19. Påskeferie



Returadresse:
Tryggheimhelsing
Tryggheimveien 13
4365 Nærbø



Jobba inn 200.000 kroner

Dei 540 elevane på vidaregåande brukte skuledagen onsdag 3. november til å samle inn pengar til misjon og bistand i Bolivia og Peru. Me seier tohundretusen takk for arbeidsinnsatsen deira!



*Vi ønskjer alle våre lesarar
ei velsigna julehøgtid og
eit godt nytt år!*

